

Synspunkt frå Noregs Mållag om lovarbeidet vinteren 2018

Kap 1: Formål, verkeområde, tilpassa opplæring m.m.

§ 1-4. Forsøksverksemd.

Departementet kan etter søknad frå kommunen eller fylkeskommunen gi løyve til at det blir gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

Finst det ei formuering som ikkje gjer sidemålsordninga til fritt vilt under denne paragrafen?

§ 2-5. Målformer i grunnskolen

Kommunen gir forskrifter om kva målform som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane.

Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv kva skriftleg hovudmålform dei vil bruke.

- Presiserast at hovudmålet skal nyttast i informasjon frå skulen, på tavla og i skjermundervisning.
- Elevane bør ha same hovudmål ut grunnskulen, slik at elevane fyrst kan velje hovudmål når dei tek til i den vidaregåande skulen.

I den munnlege opplæringa avgjer elevane og undervisningspersonalet sjølve kva for talemål dei vil bruke. Undervisningspersonalet og skoleleiinga skal likevel i størst mogleg grad ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og uttrykksmåtar.

Foreldra vel målform i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølv. I norskopplæringa skal elevane ha lærebøker på hovudmålet.

- I dag kan foreldre velje ei anna målform enn hovudmålet til elevane i skulebøkene. Reint pedagogisk er det ei svært dårleg ordning, difor bør me be om at den retten vert teken ut. Når minst ti elevar på eitt av årstrinna 1-7 i ein kommune ønskjer skriftleg opplæring på eit anna hovudmål enn det kommunen har vedteke, har dei rett til å tilhøre ei eiga elevgruppe. Retten gjeld så lenge det er minst seks elevar igjen i denne gruppa. Når elevane er spreidde på fleire skolar i kommunen, vedtek foreldra med vanleg fleirtal kva skole tilbodet skal givast ved.
- Be om å få attende krav om at det skal vera minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet (slik det var fram til 2003).

- Mogelegheita til å gå i nynorskklasse bør vere ein rett i alle nynorskkommunar og i dei store byane.

Elevar som blir overførte til ein ny skole med eit anna hovudmål enn det dei har hatt på årstrinna 1-4, har framleis rett til skriftleg opplæring på det opphavlege hovudmålet. Dei har rett til norskundervisning i eiga gruppe, uavhengig av kor mange dei er.

Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæring i begge målformer. Departementet kan gi forskrifter om fritak frå opplæring i sidemålet for elevar som får særleg språkopplæring. I samband med skifte av hovudmål eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre krev det, skal det haldast rådgjevande røystring. Røysterett har alle som bur i det området i kommunen som soknar til skolen, jf. § 8-1, og som har røysterett etter valgloven § 2-2. Røysterett i høve til skriftleg opplæring har dessutan foreldre eller forsyntar til barn på barnsteget ved skolen, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

- viktig å halde på at alle i krinsen over 18 år har røysterett.

Kapittel 4A Opplæring spesielt organisert for vaksne

- Kommunen sine språkvedtak styrer språket i vaksenopplæringa.

Kapittel 8. Organisering av undervisninga

§ 8-2. Organisering av elevane i klasser eller basisgrupper

I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør. For delar av opplæringa kan elevane delast i andre grupper etter behov. Til vanleg skal organiseringa ikkje skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Klassane, basisgruppene og gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg.

- Elevane skal organiserast i klasser som skal ta vare på ikkje berre behovet for sosialt tilhør, men òg retten til opplæring på eige språk.

Kapittel 9. Leiing, funksjonar, utstyr og læremiddel i skolen

§ 9-4. Lærebøker og andre læremiddel

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

- Her må det presiserast at parallellkravet gjeld digitale læremiddel i like stor grad som trykte og kravet til kva som skal reknast som eit læremiddel må strammast opp. Læremiddel er alt undervisningsmaterieil (på papir og digitalt) brukt kortare eller lengre tidsrom.
- Det kan ikkje vere skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorsk læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på baa språk til same tid.
- Denne retten må også gjelde læremiddel for vaksne innvandrara (som har norskopplæring) *Norske og samiske lærebøker og tilsvarande digitale læremiddel som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med offisiell rettskriving. Nynorskutgåvene skal følgje læreboknormalen. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som elevane regelmessig bruker for å nå vesentlege delar av kompetansemåla i eit fag.*
- Kontorstøtteprogram som tekstbehandlingsprogram og rekneprogram, som i vesentleg del er i bruk i skulen, bør omfattast av parallellkravet. Her bør me få teke ut omgrepet "regelmessig". Det omgrepet lagar eit unødvendig "hol" i for parallellkravet.

Kapittel 10. Personalet i skolen m.m.

§ 10-2. Krav om relevant kompetanse i undervisingsfag

Tilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i.

- Tilsette som skal undervise i skriftlege fag, må meistre både nynorsk og bokmål.

Framlegg til endringar i forskrifta

I tredje avsnitt i paragraf 17-1 I forskrift til opplæringslova står det kva læremiddel som er omfatta av parallellutgåvekravet:

Kravet om språklege parallellutgåver gjeld for læremiddel som brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg.

Vårt innspel:

Forskrifta vart seinast endra i 2010, same året som den fyrste iPad-en vart lansert, og er ikkje tilpassa ein situasjon der det er store mengder med digitale verktøy (inkludert læringsverktøy) som norske lærarar fritt kan velje å ta i bruk.

Forklaringa «Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ein lengre periode eller jamleg» fungerer som eit smutthol for å ta i bruk digitale læringsressursar som då fell utanfor parallellkravet.

Framlegg til ny formulering: *Kravet om språkleg parallellutgåver gjeld for læremiddel som brukast regelmessig i opplæringa og dekkjer vesentlege delar av kompetansemåla eller er viktig for dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen for fag i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Med regelmessig meiner ein at læremiddelet blir brukt fast, over ei lengre periode eller jamleg. Når det er tvil om eit læremiddel dekkjer vesentlege delar av læreplanen i fag, skal skoleeigar vurdere saka konkret.*

Fjerde avsnitt i paragraf 17-1:

«Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som er utvikla til bruk i opplæringa. Dei kan vere enkeltståande eller gå inn i ein heilskap, og dekkjer aleine eller til saman kompetansemål i Læreplanverket for Kunnskapsløftet.»

Vårt innspel:

I dette avsnittet vil det vere svært nyttig å ta vekk «som er utvikla til bruk i opplæringa». Det er viktig at forskrifta klargjer at læremiddel er det som blir nytta som læremiddel i klasserommet, og at oppslagsverk og kjelder kan framleis haldast utanfor.

Framlegg til ny formulering: *Med læremiddel meiner ein alle trykte, ikkje-trykte og digitale element som vert brukt i opplæringa for å nå kompetansemåla i læreplanverket.*

§ 17-2. Unntak frå parallellkravet.

Reglane i § 17-1 skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av læremiddel i opplæringa.

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og likande kjem ikkje under kravet til språklege parallellutgåver, sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.

Vårt innspel: I denne paragrafen kan det vere ei løysing å stryke fyrste setning i unntak for parallellkravet.

Framlegg til ny formulering: ~~*Reglane i § 17-1 skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av læremiddel i opplæringa.*~~

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, avisar, oppslagsverk og likande kjem ikkje under kravet til språklege parallellutgåver, sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kjem ikkje inn under kravet til språkleg parallellutgåve.

Det er også viktig å vurdere om det i forskrift skulle vore klargjort at dersom den samla effekten av val av læremiddel/læringsressursar gjer at eleven får ei uheldig svakt tilbod på eige språk, så er det ikkje lov.

Fråsegn frå landsmøtet april 2018

EI NY OPPLÆRINGSLOV MÅ SIKRE NYNORSKELEVANE

Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Noregs Mållag har tre hovudkrav til den nye lova:

Dei språklege rettane må vidareførast og styrkjast

Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring, som har eigen standpunktarakter og avsluttande eksamen i vidaregåande skule.

Språkvedtak i kommunen er ein viktig føremon for kva språk som vert undervist i skulen. Dette skal også styre språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.

Staten må ta ansvar for at desse rettane vert oppfylte

Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vere berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på både språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg nye digitale læremiddel, der utvalet på nynorsk er dårleg. Staten må syte for ei godkjenningsordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Dette gjeld både trykte og digitale læremiddel, og må også gjelde læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarar.

Retten til språkdelte klassar ut heile grunnskulen

Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018.

Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasse i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.

Noregs Mållag krev at:

- dei språklege rettane til nynorskelevane vert vidareførte og styrkte i den nye opplæringslova
- staten tek større ansvar for å sikre at desse rettane vert oppfylte
- elevane skal ha rett på språkdelte klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen)